Aksjeselskap er aktuelt å nytta der det vert vurdert som tenleg for å løysa forvaltningsmessige oppgåver og for å løysa oppgåver av heil eller delvis forretningsmessig karakter. I selskap som skal driva forvaltning på vegner av kommunen, skal kommunen (kommunane) som hovudregel eiga 100 % av aksjane. Kommunestyret skal sjå til at aksjeselskapa har vedtekter som gjer klart greie for kva selskapet sine forretningsmessige rammer skal vera.

6.1 Oversikt, vurderingar og grunngjeving

Aksjeselskap er aktuelt å nytta der det vert vurdert som tenleg for å løysa forvaltningsmessige oppgåver og for å løysa oppgåver av heil eller delvis forretningsmessig karakter. I selskap som skal driva forvaltning på vegner av kommunen, skal kommunen (kommunane) som hovudregel eiga 100 % av aksjane.

Fjell	Sund	Øygarden	Nye Øygarden	Vurdering og grunngjeving
Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Som før. Viktig selskap for å oppretthalda kommunane sine lovkrav relatert til kystovervaking.
BKK AS	BKK AS	BKK AS	BKK AS	Som før. Nye kommunen vert ein sterkare eigar enn tidlegare grunna større andel. Viktig aktør der kommunen bør vera med å spela ei rolle
Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS	Gode Sirklar	Som før. Satsingsområde for utvikling av kommunale tenester.
Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS	Bryte ut? Eige selskap for nye kommunen? Selskap for å ivareta og organisera eit kommunalt samfunnsansvar
	Norsk Bane AS			Selgja ut aksjepost. Kvor relevant er det å være deltagande? Sund rep. sin vurdering
		Naturgassparken Vest AS		Selgja ut aksjepost. Selskapet er basert på å utvikla ein næringspark og dette ser ikkje utvalet på



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

				som ei primæroppgåve for den nye kommunen. Kommunen skal vera ein tilretteleggjar.
Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS			Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS	Inn i nye kommunen som aktiva
		Scalpro AS		Selgja ut post. Rein næringsverksemd. ØK har ein liten aksjepost.
Fjellvar AS: Fjell Vatn Avløp og Renovasjon AS	Sund Vatn og Avlaup AS		FjellVAR/ Øyvar	Felles VAR selskap (AS) der Øygarden sin kommunale drift inngår samt fusjon med Sund Vatn og Avløp
	BIR AS			Selgja ut. Øyvar vil ivareta kommunen sine tenester innanfor området, anten internt eller via kjøp av teneste.
Sambygg AS				Inn som del av porteføljen til eit eigedomsselskap
		TIDE ASA		Vurdere sal
		CCB Kollsnes AS		Selgja seg ut til private aktørar
Straume Idrettspark AS				Alle anlegg inn i kommunal drift?

6.2 Utfyllande kommentarar:

6.2.1 Bergen og Omland Hamn:

6.2.1.1 Om selskapet

Nytt felles hamne- og kystberedskapsselskap, oppretta av fleire kommunar i 2016. Selskapet skal erstatta mange av oppgåvene til Bergen og Omland Havnevesen. Eigarskapsbrøkar frå kvar kommune vert slegne saman i den nye kommunen slik at Nye Øygarden kommune no samla får ein større eigarandel i selskapet. Noverande eigarandelar: Fjell 11%, Sund 1 % og Øygarden 8 %.

«Selskapet skal ivareta og samordne havneoppgaver i eierkommunenens havnefarvann. Selskapet skal arbeide for å utvikle havnene i regionen som attraktive havner i regional, nasjonal og internasjonal sammenheng. Selskapet skal fremme sjøveistransport av personer og gods som en effektiv, miljøvennlig og fremtidsrettet kommunikasjonsform, og legge til rette for effektiv samhandling med andre transportformer. Havneanlegg og arealer skal disponeres og utvikles med sikte på en best mulig ressursutnyttelse. Selskapet skal videre kunne



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

engasjere seg i andre former for havnetilknyttet virksomhet, herunder samferdselsspørsmål og næringsutvikling som innenfor samarbeidsområdet finnes hensiktsmessig og økonomisk fordelaktig for det næringsliv havnene skal tjene og dermed også for selskapet.»

6.2.1.2 *Utvalet si vurdering*

Vert oppretthalde som no med ein samla større eigarandel i Nye Øygarden kommune.

6.2.2 BKK AS:

6.2.2.1 *Om selskapet*

Produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre føretak med tilsvarende eller liknande føremål. Noverande eigarandel: Fjell 1,89 %, Sund 1,02 % og Øygarden 0,52 %.

6.2.2.2 *Utvalet si vurdering*

Strategisk eigarskap i den lokale nettleverandøren for elektrisitet i regionen. Utvalet føreslår at eigarskapsbrøkar frå kvar kommune vert slegen saman i den nye kommunen slik at Nye Øygarden kommune no samla får ein større eigarandel i selskapet.

6.2.3 Gode Sirklar AS:

6.2.3.1 *Om selskapet*

«Selskapet skal vera med på å utvikla Region Vest (Nye Øygarden kommune) til eit attraktivt område med nasjonal og internasjonal næringsverksemd innan marin og maritim verksemd, energi olje og gass samt reiseliv. Regionen sine verdiar og kultur skal prega utviklinga. Kultur og utvikling av kultur skal dessutan nyttast som verkemiddel for innovasjon og regional satsting.»

Gjennom Gode Sirklar AS går Sund, Fjell og Øygarden opp nye vegar for å tilføra regionen forskingsbasert kunnskap og kompetanse på internasjonalt nivå. Hovudsatsingsområde: næringsutvikling, utdanning og stadutvikling. Noverande eigarskap: Fjell kommune 50%, Sund og Øygarden 25 % kvar.

Kommunane eig og legg rammene, medan SINTEF har ansvar for utvikling og drift av selskapet. Samarbeidet er formalisert gjennom ein partnerskapsavtale mellom SINTEF og dei tre kommunane.

Verksemda er karakterisert av initiering og gjennomføring av utviklingsprosjekt. Den viktigaste oppgåva til selskapet er å kopla utdanning- og forskingsinstitusjonar til vårt regionale næring- og samfunnsliv. SINTEF skal tilføra selskapet forskningsbasert kompetanse frå eigen verksemd og andre FOU-miljø.

6.2.3.2 *Utvalet si vurdering*

Selskapet held fram som før og eigarskapsdelane vert slege saman.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

6.2.4 Trigger Jobb AS

6.2.4.1 Om selskapet

Dette er eit selskap som Øygarden (1,7%), Fjell (7,0%) og Sund (4,4%) eig saman med Askøy kommune. Askøy kommune er største aksjonær. Hovudkontoret ligg i Bakarvågen på Askøy. Trigger AS er ei arbeidsmarknadsbedrift som tilbyr følgjande tiltak: varig tillagt arbeid (VTA), arbeid med bistand (AB), arbeidspraksis i skjema verksemd (APS). Vedtektsfesta føremål: «Gjennom fabrikkasjon og annen virksomhet skape sysselsetting for yrkeshemmede». Dei fleste aktivitetar knytt til verksemda ligg på Askøy. Ei avdeling (Avd Vest) ligg på Straume. Kommunane Fjell, Sund d og Øygarden har ein representant kvar i styret. Ordførarane frå dei tre kommunane møter på den årlege generalforsamlinga som eigarrepresentantar.

6.2.4.2 Utvalet si vurdering

Det bør vurderast om den nye kommunen skal bryta ut og stifta eit nytt eige selskap i Nye Øygarden kommune. Dette er eit selskap som skal ivareta og organisera eit kommunalt samfunnsansvar for yrkeshemma. NØK får eit innbyggjartal på omlag 40.000. Askøy, der hovudtynga av Trigger si verksemd er lagt til i dag, har i underkant av 30.000 innbyggjarar

6.2.5 Norsk Bane AS

7.2.5.1 Om selskapet

Selskapet har til føremål å planleggje og realisere eit høgfarts-banenett i Noreg og gjennomføre dei tiltaka som synes nødvendige for å kunne oppnå dette. Høgfartsbana over Haukeli er eit nøkkelement. Selskapet kan selja jernbanefagleg kompetanse. Sund kommune har ein aksjepost på 0,1 %.

7.2.5.2 Utvalet si vurdering

Kommunen bør vurderer å selja aksjeposten.

6.2.6 Naturgassparen Vest AS

7.2.6.1 Om selskapet

Utvikling og drift av næringsområdet på Ljøsnesbukta i Øygarden samt alt som står i forbindelese med dette. Øygarden kommune har ein eigarandel på 50 %.

7.2.6.2 Utvalet si vurdering

Kommunen bør vurderer å selja aksjeposten.

6.2.7 Sambandet Sotra, Øygarden, Bergen AS

7.2.7.1 Om selskapet

Selskapet skal arbeida for å realisera tilfredstillande transportkapasitet mellom Sotra/Øygarden og Bergen, herunder nødvendige utbetringar av sambandet mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden, samt aktuelle trafikknutepunkt i Bergen med relevans for hovudsambandet. Selskapet skal særleg arbeida aktivt med utgreingar og planar som er



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

nødvendige for lokale og nasjonale vedtak i denne sammenhengen. Selskapet er 100 % eigd av Fjell kommune.

7.2.7.2 Utvalet si vurdering

Held fram som før med Nye Øygarden kommune som eigar.

6.2.8 Scalpro AS

Om selskapet

Produksjon og sal av skjellyngel og tenester. Selskapet er lokalsert til Ulvsundet i Øygarden. Øygarden kommune har ein aksjepost på 0,21% av porteføljen.

6.2.8.1 Utvalet si vurdering

Bør selja seg ut. Liten aksjepost

6.2.9 FjellVAR AS

7.2.9.1 Om selskapet

Føremål: Forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vatn- og avløpsanlegg i Fjell kommune, samt anna verksemd knytt til desse områda. Vidare har selskapet ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall. Selskapet er 100 % eigd av Fjell kommune.

7.2.9.2 Utvalet si vurdering

FjellVAR vert fusjonert med Sund VA i eit utvida selskap (ØyVAR).

6.2.10 Sund Vatn og Avløp AS

7.2.10.1 Om selskapet

Føremål er utbygging, drift og vedlikehald av vass- og avlaupsanlegg i Sund kommune, og andre oppgåver som heng saman med dette. Mellom anna har Sund VA bygd kommunale vegar og stått for trafikkisikringstiltak.

7.2.10.2 Utvalet si vurdering

Sund VA vert fusjonert med FjellVAR i eit utvida selskap (ØyVAR). Sjå punkt 7.292.

6.2.11 Sambygg AS

7.2.11.1 Om selskapet

Sambygg AS er eit eigedomsselskap eigd av Fjell kommune (80 %) og KS Coast Center Base (20%). Selskapet, som har si forretningsadresse på Ågotnes i Fjell kommune, har som føremål å eiga og forvalta eigedom på gnr 27, bnr 512, samt å forvalta eventuelle andre eigedomar i Fjell kommune. Selskapet sine eigarar har sidan oppstart også vore dei einaste leigetakarane til selskapet og det er difor avtala at selskapet skal drivast på såkalla «ikkje fortenestebasert basis». Drift og forvaltning av selskapet vert utført av CCB AS.

7.2.11.2 Utvalet si vurdering

Selskapet held fram som før.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

6.2.12 TIDE ASA

7.2.12.1 Om selskapet

Selskapet har som føremål å driva transport- og reiseverksemd, og anna tilknytta verksemd. Øygarden kommunen har eigarandel i aksjar på 0,4 % og har representasjon sett på generalforsamlinga.

7.2.12.2 Utvalet si vurdering

Kommunen bør vurderer å selja ut aksjeposten. Liten aksjepost.

6.2.13 CCB Kollsnes AS

7.2.13.1 Om selskapet

Føremål: Utvikling og drift av næringsområde i Øygarden kommune, samt alt som står i forbindelse med dette . Øygarden kommune har ein aksjepost på 12,5 %.

7.2.13.2 Utvalet si vurdering

Kommunen bør vurderer å selja aksjeposten.

6.2.14 Straume idrettspark AS

7.2.14.1 Om selskapet

Selskapet har som føremål å utvikla idrettsanlegg i Straume idrettspark. Fjell kommune har 34 % aksjeandel i selskapet.

7.2.14.2 Utvalet si vurdering

Noverande driftsform i alle idrettsanlegg (hallar, baner m.m) i dei tre kommunane må diskuterast nærare med tanke på finna fram til ei mest mogleg felles driftsform.

6.2.15 BIR AS

7.2.10.1 Om selskapet

BIR AS (Bergen Interkommunale Renovasjonsselskap) er eit av Noregs største renovasjonsselskap, og er ansvarleg for avfallshandteringa til 340.000 innbyggjarar i BIR sine ni eigarkommunar. Selskapet tilbyr også avfallsløysingar for næringslivet. Hausten 2017 har kommunane Øygarden og Fjell inngått avtale med BIR om avfallshenting. Sund kommune er medeigar med ein andel på 1,83 %.

7.2.15.2 Utvalet si vurdering

Det må vurderast om den nye kommunen bør gå inn i BIR AS på eigarsida og vidareføra tilsvarande samarbeidsmodell som Sund kommune no har.

7 Interkommunale selskap (IKS)

7.1 Oversikt og vurderingar

Selskapsforma er mest aktuell der økonomisk utbytte av drifta ikkje er eit mål.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Fjell	Sund	Øygarden	Nye øygarden	Vurderingar
Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Som før grunna drift av hamne og kystberedskap
Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS		Som før. Ivaretar viktige funksjonar som elles måtte «in sources»
Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	Øygarden Brann og Redning (ØBR)	Inn som eigen driftseining i kommunen
Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)	Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)			Utgår. Vert erstatta av ØBR
Driftassistenten i Hordaland - Vann og Avløp IKS	Driftassistenten i Hordaland - Vann og Avløp IKS			Bør sjekkast med driftsorganisasjonane som Fjellvar og Sund VA

7.2 Utfyllande kommentarar

7.2.1 Bergen og Omland Havnevesen

7.2.1.1 Om selskapet

Selskapet er nedlagt . Sjå punktet om Bergen og omland Hamn.

7.2.1.2 Utvalet si vurdering

Uaktuelt.

7.2.2 Interkommunalt arkiv i Hordaland

7.2.2.1 Om selskapet

«Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrativ og kulturelle føremål, jamfør lov om arkiv § 6.»

7.2.2.2 Utvalet si vurdering

Samarbeidet held fram .

7.2.3 Øygarden Brann og redning IKS

7.2.3.1 Om selskapet

Selskapet skal ivareta kommunane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i eigarstrategien for selskapet og lov og forskrift vedkomande brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feiing og tilsyn – i tillegg til å styrkja beredskapen. Fjell har 64% og Sund og Øygarden 18 % kvar av eigardelane i selskapet.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

7.2.3.2 Utvalet si vurdering

Dette samarbeidet (IKS) vert omgjort til eit kommunalt føretak (KF) når det nye kommunen vert etablert og får namnet Øygarden Brann og redning (ØBR).

7.2.4 Driftsassistansen i Hordaland vann og avløp

7.2.4.1 Om selskapet

DIHVA, driftsassistanse i Hordaland for vatn og avlaup som er eigd av 30 kommunar. Kvar kommune har ein representant med eit kompetansesenter for vatn- og avløpstenester. Selskapet utføra og formidla tenester og produkt, slik som driftsassistanse eller driftsansvar. Fjell og sund er medlemmar i selskapet. Øygarden har tidlegare vore med.

7.2.4.2 Utvalet si vurdering

Det er naturleg at det nye kommunen er tilslutta dette IKS-samarbeidet.

8 Kommunale føretak (KF)

8.1 Oversikt og vurderingar

Fjell	Sund	Øygarden	Nye Øygarden	Vurderingar
Ingen	Sund Eigedomsutvikling KF	Ingen		Vert avvikla. Inngår i nytt kommunalt eiendomsselskap (AS)

8.2 Utfyllande kommentarar

Kommunalt føretak vert som regel nytta i samband med oppgåver som inneber både samfunnsmessige og forretningsmessige omsyn. I hovudsak vert kommunalt føretak nytta i forretningsdrift som normalt ikkje er i konkurranse med private leverandørar. Kommunestyret skal sjå til at godkjende vedtekter fastset oppgåvene og rammene for drift av føretaket.

8.2.1 Sund Eigedomsutvikling

8.2.1.1 Om selskapet

Kommunalt føretak (KF) med føremål etablering av utleigebustader, forvaltning, drift og vedlikehald av dette. Det er vedtekne eigne vedtekter for føretaket.

8.2.1.2 Utvalet si vurdering

Bør vurderast som modell for tilsvarende verksemd for Nye Øygarden kommune.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

9 Interkommunalt samarbeid (IKS)

9.1 Oversikt og vurderingar

Fjell	Sund	Øygarden	Nye øygarden	Vurderingar
Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd		Som før. Regionen sitt organ for ivaretaking av friluftsområda i Nye øygarden
Etablerersenteret	Etablerersenteret	Etablerersenteret		Som før
Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor		Som før
IUA Bergen	IUA Bergen	IUA Bergen		Som før
Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse		Felles legevakt som no. Øygarden legevakt
Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval		Felles
Gründerparken Vest	Gründerparken Vest	Gründerparken Vest		Utgår. Skal innan 2020 vera sjølvdriven.
	Invest In Bergen	Invest In Bergen		?

9.2 Utfyllande kommentarar

Dei andre deltakarane i samarbeidet refunderer utgifter etter ei fordeling som er fastsett i samarbeidsavtala. Ofte vert det oppretta eit rådgjevande organ med deltakarar frå samarbeidskommunane for å fylgja verksemda etter denne modellen. Rådet har ikkje styringsrett.

9.2.1 Bergen og Omland friluftsråd

9.2.1.1 Om selskapet/samarbeidet

«Friluftsrådets oppgave er i samarbeid med deltagerkommunene, offentlige etater på ulike nivå og interesserte organisasjoner å arbeide for: Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder av forskjellige slag til allment bruk. Større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv.»



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

9.2.1.2 *Utvalet si vurdering*

Held fram som før.

9.2.2 Etablerarsenteret

9.2.2.1 *Om selskapet/samarbeidet*

Dette er eit rettleiingstilbod til dei som treng ekstra hjelp til å koma i gang med forretningsidé eller vidareutvikla ein allerede etablert bedrift. Fjell kommune deltek i eit økonomisk samarbeid med andre kommunar og Hordaland fylkeskommune om Etablerarsenteret som er det offentlege fellestilbodet til gründerar i Hordaland. Senteret vart i 2017 ein del av Hordaland fylkeskommune og held til i Bergen sentrum. Dei tilbyr etablerlarkurs, rettleiing, nettverkstreff og andre innføringar i gründerverda, både på norsk og engelsk.

9.2.2.2 *Utvalet si vurdering*

Etablerarsentert held fram som no med same plassering og organisering.

9.2.3 Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor

9.2.3.1 *Om selskapet/samarbeidet*

«Formålet med skiping av eininga er at dei tre deltakarkommunane skal løysa sine oppgåver knytt til skatteoppkrevjing og innkrevjing av kommunale krav etter pantelova § 6-1. Den einskilde kommune skal framleis utføra ordinære oppgåver knytt til eigedomsskatt og kommunale krav inntil det må setjast i verk tvangsinnkrevjing.»

9.2.3.2 *Utvalet si vurdering*

Formålet blir det same, men etter 2020 blir det «Nye Øygarden kemnerkontor». Dette vert då organisert som ein del av drifta, og avtalen om interkommunalt samarbeid fell då bort.

9.2.4 IUA Bergen

9.2.4.1 *Om selskapet/samarbeidet*

Bergen kommune er vertskommune for IUA Bergen region (interkommunalt utval mot akutt forureining) som består av 3 kommunar i Sogn og Fjordane og 23 kommunar i Hordaland. IUA Bergen region ivaretek deltakarkommunane sin lovfesta plikt til å ha ein interkommunal beredskap mot akutt forureining. Vidare skal vertskommunen vera eit kompetansesenter for regionen, og skal kunne gje faglige råd om beredskap til deltakarkommunane og yte bistand også ved kommunale aksjonar mot akutt forureining.

9.2.4.2 *Utvalet si vurdering*

Held fram som før. Ein (eller fleire) representantar frå den nye kommunen.

9.2.5 Sotra legevakt

9.2.5.1 *Om selskapet/samarbeidet*

Sotra legevakt er ei legeteneste som er døgnopen. Tenesta legg på Straume og fungerer som akutthjelp for pasientar i dei noverande tre kommunane, også etter ordinær stengetid av dei



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

lokale legekontora. Pasientar kan få råd og rettleiing på telefonen, behandling av akutt skade og sjukdom, men ved mindre alvorleg skade eller sjukdom vert ein vist til sin fastlege.

9.2.5.2 *Utvalet si vurdering*

Når den nye kommunen vert etablert, opphører det interkommunale samarbeidet. Selskapet bør omgjerast til eit KF.

Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval

9.2.5.3 *Om selskapet/samarbeidet*

Dette var ei klagenemnd som skulle ivareta kvar kommune sine rettar og interesser ved ein eventuell tvist eller konflikt. Kvar kommune utgjorte ein part.

9.2.5.4 *Utvalet si vurdering*

Må leggjast ned. Ikkje behov for det lenger då alt vert samla i ein kommune. Sjå elles punkta 10.2.3 og 10.2.3.1

9.2.6 Grunderparken Vest

9.2.6.1 *Om selskapet/samarbeidet*

Saman med Vest Næringsråd, Gode Sirklar, Sartor Storsenter og kommunane Fjell, Sund og Øygarden, vart Gründerparken Vest opna i mars 2017. Gründerparken Vest er eit kontor-fellesskap i **Straume sentrum** som er utvikla for gründerar og små nystarta verksemdar. Her får gründerar tilgang til kontorplass tilpassa sitt behov, få disponera møterom, kjøken og få eit fellesskap med andre som er i same situasjon. Dette kan gje gründeren inspirasjon og energi, nettverk og nyttige tips.

9.2.6.2 *Utvalet si vurdering*

Det er eit overordna mål av tiltaket skal vera sjølvdrive frå 2020. Tiltaket går då ut av kommunal drift.

9.2.7 Invest In Bergen

9.2.7.1 *Om selskapet/samarbeidet*

Invest In Bergen er den offisielle organisasjonen for investeringar i Stor-Bergen. Dei hjelper etablerarar å finne forretningsmoglegheiter i regionen og støtter internasjonale og nasjonale selskap å busetja seg i Stor Bergen og i Hordaland. Tenestene deira er gratis. Viss ein ønskjer å etablere eit selskap i Stor Bergen vil dei hjelpe til frå tidleg start til endeleg etablering. Invest In Bergen har eit godt nettverk i regionen, og har tilgang til viktige bransjar og næringsklynger. Dei har kunnskap om industrielle og kommersielle område i fylket, og kan vere ein guide til å finne riktig område for ny verksemd. Invest In Bergen er finansiert av Hordaland fylkeskommune og 15 omkringliggjande kommunar (m.a. Øygarden)

9.2.7.2 *Utvalet si vurdering*

Vidare tilknyting må vurderast opp mot Etablerarsenteret og Grunderparken Vest.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

10 Stifting

10.1 Oversikt og vurderingar

Fjell	Sund	Øygarden	Nye øygarden	Vurderingar
Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Samla alt i ei stifting?
Stiftinga Kystsogevekene	Stiftinga Kystsogevekene	Stiftinga Kystsogevekene		Som før
Fjell Bustadstifting				
	Stiftinga Johannes Kleppevik Sitt Minnefond			
		Kystmuseet i Øygarden		Gå inn i Museum Vest
Roald Tellnes Kunstsamling (under avvikling)				
	Stiftinga Marstein Fyr			Gå inn i Museum Vest
Stiftinga Fjell Festning				Gå inn i Museum Vest
	Stiftinga Nordsjøfartsmuseet I Tælavåg			Gå inn i Museum Vest
	Stiftinga Trellevik Kystkultursenter			Gå inn i Museum Vest

10.2 Utfyllande kommentarar

Stifting vert ofte nytta som organisasjonsform for verksemder av ikkje-økonomisk karakter, spesielt med eit sosialt eller kulturelt føremål. Verksemda er regulert gjennom eiga lov, stiftelsesloven. Eit eige statleg organ fører tilsyn med stiftingane.

10.2.1 Stiftinga Museum Vest

10.2.1.1 Om Stiftinga

«Stiftelsen Museum Vest skal tene samfunnets og dets utvikling og skal være åpent for publikum. Museet skal samle inn, forske i, formidle og stille ut materielle vitnesbyrd om menneskets og dets omgivelser i studie- og utdanningsformål og følge ICOM's museumsetiske regelverk.»



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

10.2.1.2 Utvalet si vurdering

Held fram som før der oppgåva er å vera paraplyorganisasjon for alle musea som er medlem.

10.2.2 Stiftinga Kystsogevekene

10.2.2.1 Om stiftinga

Stiftinga Kystsogevekene er ei ikkje-næringsdrivande stifting med føremål å stimulera og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege Kystsogeveker i Hordland og Gulen.

10.2.2.2 Utvalet si vurdering

Held fram som før med Nye Øygarden kommune som medeigar.

10.2.3 Fjell bustadstifting

10.2.3.1 Om stiftinga

«Forvaltar og eig husvære og barnehagar i Fjell kommune. Tildelar bustad, med unnatak omsorgsbustader. Tildeling av bustad er basert på fagleg vurdering av den enkelte søkjar sitt sosiale behov eller plass i servicebygg».

10.2.3.2 Utvalet si vurdering

Vert vurdert omdanna

10.2.4 Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond

10.2.4.1 Om stiftinga

Stiftinga sitt føremål er å fremja kystkulturen i Hordaland.

10.2.4.2 Utvalet si vurdering

Held fram som før.

10.2.5 Kystmuseet i Øygarden

10.2.5.1 Om stiftinga

Kystmuseet i Øygarden ligg ved den gamle dampskipskaia i Ovågen. Museet formidlar kunnskapen om korleis menneska i Øygarden har brukt naturen rundt seg til å skapa seg eit livsgrunnlag og danne samfunn. Museet legg til rette for at dei besøkande skal få kjennskap til denne historia gjennom utstillingar, filmvising, guida utflukter og sykkelturar. Øygarden kommune samarbeider tett med Stiftinga Kystmuseet i Øygarden. Kystmuseet og kommunen samarbeider om verdiskapingsprosjektet Perler i Nordsjøløypa.

10.2.5.2 Utvalet si vurdering

Vert vurdert slege saman med dei andre musea i regionen som er organisert som stiftingar.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

10.2.6 Stiftinga Marsteinen fyr

10.2.6.1 Om stiftinga

Føremål: Gjennom drift av Marsteine Fyr og aktivitetar, å fremma reiseliv og kystkultur, samt utleige av fast eigedom.

10.2.6.2 Utvalet si vurdering

Held fram som før.

10.2.7 Stiftinga Fjell festning

10.2.7.1 Om stiftinga

Stiftinga sitt føremål er å vedlikehalda bygg og anlegg og utvikla Fjell Festning til eit spanande og etterspurd krigsminne. Målsetjinga er at festninga skal vera eit attraktivt reisemål som også genererer inntekter. Utviklingsarbeidet skal gjerast i tett samarbeid med dei ansvarlege for museumsverksemda.

10.2.7.2 Utvalet si vurdering

Vert vurdert slege saman med dei andre musea i regionen som er organisert som stiftingar.

10.2.8 Stiftinga Nordsjøfartsmuseet i Tælavåg

10.2.8.1 Om stiftinga

Stiftinga sitt føremål er å vidareutvikla og driva Nordsjøfartsmuseet i Telavåg. Museet skal driva innsamling og informasjon og gjenstandar, forskning og formidling med utgangspunkt - Nordsjøfarten særleg under 2. verdskrig, den norske motstandsørsla og tema knytt til krig-fred problematikk.

10.2.8.2 Utvalet si vurdering

Vert vurdert slege saman med dei andre musea i regionen som er organisert som stiftingar.

10.2.9 Stiftinga Trellevik kystkultursenter

10.2.9.1 Om stiftinga

Stiftinga Trellevik kystkulturseneter vart stifta 6. mai 2003. Det er ein ideel stifting som legg vekt på å visa fram eigedom, inventar og båtar på ein måte som syner korleis ein i eldre tider nytta bygningane, båtane , dei gamle fiske og fangstreiskapane.

10.2.9.2 Utvalet si vurdering

Held fram som før.

11 Samvirke (SA)

11.1 Oversikt og vurderingar

Fjell	Sund	Øygarden	Nye Øygarden	Vurderingar
Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Utvida del av bibliotek tenesta i



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

				kommunane. Same for den nye kommunen.
Gjerdet Kulturminnegard SA				Manglar informasjon
		Øygarden Samfunnshus SA		Vert lagt ned 2018. Kulturhuset vert overtatt av noverande ØK. Inngår i nytt eigedomsselskap

11.2 Utfyllande kommentarar

Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Samvirkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar, og vert styrt av dei som handlar med føretaket og som dermed har direkte nytte av den verksemda som vert drive. Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettelege eigardelar. På årsmøtet, samvirkets øvste organ – fattast avgjerda som hovudregel ut frå prinsippet om eitt medlem, éin stemme. Det er lov om samvirkeføretak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsforma.

11.2.1 Biblioteksentralen

«Være et serviceorgan for alle typer offentlige biblioteker. Biblioteksentralen har til oppgave å være hovedleverandør av produkter og tjenester til biblioteket og lignende institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i / etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjon – og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at andelseiernes interesser ivaretas på beste måte.»

11.2.1.1 Utvalet si vurdering

Samarbeidet med Biblioteksentralen held fram som før.

11.2.1.2 Om Samvirke

Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Samvirkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar, og vert styrt av dei som handlar med føretaket og som dermed har direkte nytte av den verksemda som vert drive. Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettelege eigardelar. På årsmøtet, samvirkets øvste organ – fattast avgjerda som hovudregel ut frå prinsippet om eitt medlem, éin stemme. Det er lov om samvirkeføretak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsforma.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

11.2.2 Gjerdet kulturminne gard

Gjerdet kulturminnegard er eit gardsbruk frå 1800 talet. Våningshuset og løa som står på garden i dag er frå 1914, men det har vore gardsbruk her lenge før det. Kartlegging og registrering er under arbeid. Gjerdet kulturminnegard skal etterkvart framstå som eit ressurscenter for mat og handverkstradisjonar i området. Aktiviteten på Gjerdet skal organiserast som eit samvirke, ein driftsmodell som vart foreslått av Gode Sirklar og vedtatt av Fjell kommune. Målsettinga er å ta vare på gamle mat- og handverkstradisjonar, utvikla opplevingspakkar i samspel mellom landbruk, kultur, historie og reiseliv, samt ta i bruk det flotte friområdet frå garden og opp til området rundt Fjell festning. Det er også eit føremål å formidla eit kvardagsperspektiv frå krigshistoria.

11.2.2.1 Om Samvirke

Sjå punkt 12.2.1.1.

11.2.2.2 Utvalet si vurdering

Organiseringa held fram som i dag.

12 Pensjonskasse, Råd, Interesseorganisasjonar, Nettverk

12.1 Oversikt og vurderingar

Organisasjons form	Fjell	Sund	Øygarden	NØK	Vurderingar
Pensjonskasse	Fjell Kommunale Pensjonskasse	KLP: Kommunal Landspensjons-kasse	KLP: Kommunal Landspensjons-kasse	KLP: Kommunal Landspensjonskasse	Utgår frå mandatet
Råd	Fjell Kyrkjeleg fellesråd	Sund Kyrkjeleg fellesråd	Øygarden Kyrkjeleg fellesråd	Øygarden kyrkjeråd	Utgår frå mandatet
	Regionrådet Vest	Regionrådet Vest	Regionrådet Vest		Avvikla
	Vest Næringsråd	Vest Næringsråd	Vest Næringsråd		Som før
	Fjell, Sund og Øygarden forliksråd	Fjell, Sund og Øygarden forliksråd	Fjell, Sund og Øygarden forliksråd		Som før ((Nye) Øygarden forliksråd)
Interesseorganisasjonar	KS	KS	KS		Som før
	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar		Som før



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

	Foreining Basecamp		Foreningen Vest- Norges Brusselkontor AS		
Nettverk			NKP - Nettverk for petroleumskomm unar		
			NFKK: Nettverk for fjord- og kystkommunar		
			Sunne Kommunar: WHOS Norske nettverk		

13 Oppsummering og konklusjonar

Fyll inn tekst

Selskapsform	Fjell	Sund	Øygarden	Sum	Nye Øygarden
Aksjeselskap	8	7	9	24	8
Interkommunale selskap	5	5	3	13	
Kommunalt føretak	0	1	0	1	
Interkommunalt samarbeid	6	7	7	20	
Stifting	5	6	3	14	
Samvirkeføretak	2	1	2	5	
Andre	8	7	11	26	

Kommentarar:



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

VEDLEGG: UTDRAG FRÅ EIGARSKAPSMELDINGAR FRÅ ANDRE KOMMUNAR

Selskapsformer i kommunal sektor

Aktuelle selskapsformer

Kommunane har ulike motiv for å oppretta selskap eller gå inn i eit etablert selskap. Det er stor fridom til å organisera tenestene slik ein finn det føremålstenleg, enten som del av kommunen sin organisasjon der kommunen er "juridisk person" eller gjennom etablering av sjølvstendige rettssubjekt.

I hovudsak er det fire organisasjonsformer som er aktuelle for kommunane ved utskiljing av verksemd:

- Aksjeselskap etter lov om aksjeselskap AS
- Interkommunale selskap IKS
- Føretak etter kommunelova. KS
- Stifting

Eigarstrategi og selskapsform

Det er kommunen (eigar) sitt ansvar å velja ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt mål, eigar sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverk.

Dersom eit selskap er i ein konkurransesituasjon og målet er økonomisk avkastning, så talar dette for val av AS-forma. Dersom ein ønskjer at verksemda skal styrast under vanleg politisk - og demokratisk kontroll, bør verksemda haldast innan vanleg kommunal organisasjonsstruktur – til dømes som kommunalt føretak - KF, eller ein kan nytta §27 - organisering etter kommunelova - dersom det gjeld samarbeid mellom fleire kommunar. For verksemdar som både har eit finansielt og samfunnsmessig fokus, og samstundes er i ein konkurransesituasjon, må ein vurdere om KF (kommunalt føretak) er best eigna.

Ein god eigarstrategi for Fjell kommune vil medverka til å klargjera kva kommunen ønskjer med selskapa. Ei grundig vurdering og evaluering av måla gjer det lettare å vurdere selskapa sine økonomiske og samfunnsmessige resultat, det gir betre informasjon om kostnader og vinst med kommunen sitt eigarskap, og det medverkar positivt til å gjera kommunale organ betre skikka til å utøva eigarskap i selskap.

To tema bør vurderast spesielt i samband med eventuelt oppretting av selskap, ved vurdering av selskapsform og ved årleg vurdering av målet for selskapet.

- Det eine temaet gjeld spørsmål om eigarstyring - folkevald styring i høve til ulike selskapsformer. Særleg må det setjast fokus på selskap som forvaltar "politikkområde" innan til dømes utbygging og utvikling av Fjell kommune.
- Det andre temaet gjeld spørsmål knytt til innsyn. Det er viktig å vurdere reglane for innsyn i drifta og styringa av ulike selskap knytt til selskapsform. Det må vurderast om innsynsretten er tilstrekkeleg for kommunen som eigar og for allment innsyn i offentleg verksemd. Dette er betra gjennom gjeldande lovar ved at "Offentlegheitslova" også skal gjelda for aksjeselskap som er meir enn 50% eigd av kommunar.



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Bergen:

1. Politiske motiv
2. Finansielle motiv
3. Kombinasjon av 1 og 2

"Byrådet mener den beste måten å gruppere eierskapet på baserer seg på en formålsbestemt inndeling, I denne meldingen deles eierskapet opp i to grupper. Gruppeinndelingens hovedkriterium er knyttet til hva som er kommunens primære formål med å være eier i virksomhetene. Det gjøres her oppmerksom på at eierskapets formål ikke er statisk, men kan endre seg over tid.

Dersom kommunens hovedmålsetning med eierskapet er å oppnå økonomisk avkastning, defineres eierskapet som *finansielt*. Selskaper med **finansielt formål** kan likevel ha virksomhet på områder av stor politisk betydning, men da ivaretas behovet for politisk styring gjennom ulike former for myndighetsutøvelse, bl.a. gjennom konsesjoner, og ikke gjennom eierskapet som sådan.

Dersom selskapet betraktes som et gjennomføringsorgan for samfunnsmessige oppgaver, defineres eierskapet som **politisk**. Et klart eksempel på dette kan være arbeidsmarkedstiltaks-bedriftene. Etter lovverket betaler ikke disse bedriftene skatt, og det er ikke adgang til å ta utbytte fra disse selskapene eller på annen måte tildele eier økonomiske verdier. Selskapenes formål er utelukkende å realisere politiske målsetninger om yrkesdeltagelse for grupper som ikke på ordinære vilkår kan ta del i arbeidslivet".

Stavanger/Sandnes:

Finansielt motivert

Selskap kor motiv og hovudgrunngevinga for eigarskapen er muligheiter for økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Formålet er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og kor bedriftsøkonomiske kriterium for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

Politisk motivert

Selskapet der motivet for etableringa er grunngeve med eit ønskje om å posisjonera kommunen/regionen. Verken økonomi, omsynet til tenesteyting eller liknande ligg som grunngeving for denne kategori eigarskap.

Effektivisering av tenesteproduksjonen

Selskap som i hovudsak er motivert og grunngeve med forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar enn ved å yta tenesta sjølv.

Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap som er motivert og grunngeve i at kommunen gjennom slike selskap vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat/gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga for slike selskap.

Regionalpolitisk posisjonering

Selskap som er motivert og grunngeve utifrå at det styrker kommunen og regionen sine vilkår og posisjon til å gjennomføra oppgåver i høve andre regionar og nasjonalt. Her kan og posisjonering for å utløysa statlege midlar /prioriteringar vera ein del av grunngevinga.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

For **kommunale føretak (KF)** er kommunestyret føretaket sitt øvste organ.

For **interkommunale selskap (IKS)** vert eigarskapen utøvd i representantskapet.

I **aksjeselskap (AS)** er generalforsamlinga føretaket sitt øvste organ.

Stiftingar er sjølvveigande. Det betyr at kommunestyret – kommunen, ikkje kan utøva eigarskapsmynde direkte. Dei kommunale interessene må utøvast gjennom vedtektene og gjennom dei styremedlemane som er valde av kommunen.

Forvaltning			Fristilling
Lågare Konkurransesituasjonen Høgare			
Kommunelova	Interkommunale selskap (IKS)	Aksjelova	
Etat §10 Institusjon § 11 Føretak kap.11 Grunnstruktur Kommunestyret Formannskap/ Utval Rådmannen Eigarar: Eigar sitt ansvar: <u>Ubegrensa</u> Kommunen Integrert del av Kommunen	Interkommunalt Selskap (IKS) Grunnstruktur Representantskap Styre Dagleg leiar Eigarar Avgrensa Eigar sitt ansvar <u>Ubegrensa</u> Styrerepresentantar: <u>Ubegrensa</u> økonomisk og strafferettsleg ansvar (solidarisk økonomisk ansvar) Sjølvstendig rettssubjekt	Aksjeselskap (AS) Grunnstruktur Generalforsamling <u>Styre</u> Dagleg leiar Eigarar <u>Avgrensa</u> Eigar sitt ansvar <u>Begrensa</u> til Innskoten kapital	Stiftelse Grunnstruktur Styre Dagleg leiar Ingen eigar

Figuren synleggjer det som er sagt over.